Seljord kommune

Arkiv:	223
Saksnr.:	2014/348-2
Sakshand.:	Asbjørn Storrusten
Direkte tlf.:	35065155
Dato:	31.03.2014

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	33/14	10.04.2014
Formannskap/økonomiutval		19.06.2014

Søknad om tilskot til sagbruk og materiallager - Jostein Svartdal

Saksutgreiing:

Jostein Svartdal, Flatdal har kjøpt ei bandsag og er i oppstartfasen med å drive treforedling som tilleggsnæring på garden i Flatdal og søker om tilskot på kr 75.000 for å byggje saghus og materiallager.

Jostein Svartdal har hatt garden som hovudinntektsveg sidan 1996 og dreiv fram til 2012 med ein kombinasjon av sau og skogbruk.
I 2012 vart sauehaldet avvikla og han driv no med skogbruk på heiltid ved ein kombinasjon av hogst på eigen eigedom og linjerydding for VTK.
Jostein ynskjer å bygge opp sagbruksverksemda slik at han på sikt skaper ein fulltids-arbeidsplass heime på garden.

Jostein Svartdal har kjøpt ei bandsag og har trong for å bygge eit saghus og eit materiallager. Dette vil være nødvendig for a få eit rasjonelt opplegg uavhengig av årstid.

Saghuset skal vere på omlag 85 m2 og er kostnadsberekna til kr 255.000 eks mva og materiallageret er skal vere på omlag 132 m2 og er kostnadsberekna til 396.000 eks mva.

Han har fått løyve av Seljord Kommune til å føre opp desse bygningane på eigedomen gnr. 95, bnr. 1.

Etter planen skal han kombinere leigeskur for andre og eigen produksjon med direktesal av materialar. Saga er fleksibel og tømmeret kan vidareforedlast etter kundens spesifikasjonar. Det er lagt opp til ein samla produksjon på skjering av omlag 1.000 m3 tommar i året.

Vurdering
Sagbruk er ein god og naturleg tilleggsnæring for dei som driv med skogbruk. Det er fleire gardssager i Seljord som kan gi gode tilleggsinntekter til bonden. Å foredle råvarene på staden gjev næringsverksemd lokalt og det blir kortreiste produkt.

Ny vurdering – juni 2014
Saka blei vurdert av formannskapet i møte 10. april, men det blei bedt om ny vurdering av om ein gardssag i dag kan sage materiale som tilfredstillar dagens krava til materialar til bruk i bygningar.

Søkjar Jostein Svartdal har nå skrevet til kommunen følgjande:
"Eg kan ikkje sage konstruksjonsvirke eller anna materiale som krev trykktesting etter NS-INSTA 142.
Eg kjem til å sage kledningsbord, villmarkspanel, vinsjebord og lange lengder (over 5,80) som ein ikkje får kjøpt på Byggmakker og liknande. På slike materialar er det etter det etter eg har forstått berre eigenkontroll på at materiale er innanfor krava til Norsk Standard."

Næringsutvikling er innanfor tolkinga av næringsformålet i vedtektene for Næringsfond/ kraftfond.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Formannskapet gjere følgjande vedtak;

Formannskapet løyver kr 50.000 til Jostein Svartdal for å byggje saghus og materiallager i samanheng med etablering av sag som tilleggsnæring på garden. Løyvinga er av Næringsfond.

Utskrift til: Jostein Svartdal